

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Kristi Himmelfartsdag - 5. mai 2016

Preiketekst: Joh 17,1-5

Lesetekst I: 1 Sam 2,1-9 eller Apg 1,1-11

Lesetekst II: Ef 1,17-23

## «DETTE ER DET EVIGE LIVET ...»

### Om Kristi Himmelfartsdag

Dagen kjem 40 dagar etter påskedag (Apg 1,3). Den har vore feira som ein stor Kristusfest tilbake til 300-talet. Dagen er eit motstykke til juledag; Juledag feirar me at Guds Son blei menneske. Denne dagen feirar me at Menneskesonen tek sin plass ved Fars høgre hand. I vår tid har Kristi Himmelfartsdag dessverre ein tendens til å forsvinna frå kyrkjelivet. Mange kyrkjer er utan gudsteneste. Mange brukar dagen til ei ekstra langhelg. Men dagen har eit viktig innhald om Jesus og om kyrkja.

Etter himmelfarten er Jesus ikkje bunden av tid og rom slik han var i sitt jordiske liv, og til dels var i dei 40 dagane etter oppstoda. Han er nå høgt opphøgd (Ef 1,20f) og «sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.» Dermed er han, som Gud vår Far sjølv, både i det høge og heilage og hos den som er knust og nedbøygd i ånda (Jes 57,15). Han kan nå vera til stades overalt og hos alle.

Kyrkja er etter Kristi Himmelfartsdag ei misjonal kyrkje. Me er ein del av Guds misjon, hans sending (Apg 1,8). Å vera kristen er å vera sendt.

### Om Jesu øvsteprestelege bøn

Det er naturleg å forstå samanhengen mellom Johannesevangeliet og dei andre evangelia slik at Jesus ber denne store bøna i etterkant av påskemåltidet. Det var ein luthersk teolog på 1500-talet (David Chytraeus) som gav bøna namnet *den øvsteprestelege bøna*.

Pave Benedikt skriv (med utgangspunkt i André Feuillet) at Joh 17 bare kan forstås på bakgrunn av den jødiske soningsdagen Yom Kippur, jfr 3 Mos 16 og 23,26-32 (Benedikt s. 55ff). Han skriv blant anna:

*«Som øvstepresten gjør soning for seg selv, prestskapet og hele Israel, slik ber også Jesus for seg selv, for apostlene og for alle som gjennom hans ord skal komme til tro på ham – for Kirken til alle tider (sml Joh 17,20). Han helliger «seg selv», og han utvirker hellighet for sine egne. (...) Jesu bønn manifesterer ham som forsoningsdagens øvsteprest. Hans kors og hans opphøyelse er verdens forsoningsdag, ...»*

Benedikt skriv om fire store tema i Jesu bøn:

1. Dette er det evige livet.
2. Helga dei i sanninga.

3. Eg har openberra ditt namn for dei.

4. At dei alle må vera eitt.

Preiketeksten denne søndagen handlar først og fremst om det første av desse tema, men dei andre kan gjerne klinga med når me forkynner over eit avsnitt frå den bønna.

### **Nokre viktige uttrykk i teksten**

**Jesus lyfta auga mot himmelen:** Han er himmelvend. Dette er uttrykk for ei kroppsleg bønestilling. Men det er ikkje Jesu einaste bønestilling; i Getsemane kasta Jesus seg til jorda då han bad, sjå Mark 14,35 (Isaksen s. 116)

**Jesu time:** Nå er timen komen. Jesus seier dette første gong i 12,23. Dette er tida for Jesu liding, død og oppstode. Tidlegare i Jesu virke var ikkje tida komen, jfr 2,4 og 7,6. Sjå også 13,1. (Skjevesland s. 173f).

**Herlegdom:** Dette er eit viktig omgrep både i GT og NT. Det dreier seg om korleis Gud viser seg i all sin herlegdom. I NT er dette uløyseleg knytt til Jesus Kristus, og i Joh heilt spesielt til Jesu død og oppstode. Raymond E. Brown kallar kap 13-20 for *The Book of Glory*.

**Det evige livet:** Dette blir forklart på ein relasjonell måte gjennom verbet «å kjenna», jfr 1 Joh 5,20 og GT-bakgrunnen i Jes 11,9 og Jer 31,33-34. Verbet har både relasjonelle og rasjonelle valørar. Skjevesland (s. 175) legg noko meir vekt på det rasjonelle:

*«Vers 3 utgjør nærmest et innskudd som «definerer» hva det evige livet består i. Tittelen Jesus Kristus brukes bare her og i Joh 1,17. Verset har en høytidelig, forklarende stil, jf. Joh 3,19. Vi kan lese vers 3 som et fortettet uttrykk for troens innhold, jf. Rom 16,26f; 1 Tess 1,9f. At kunnskap om Gud er viktig for frelsen, er en tanke som har bred basis i Skriften, jf. Hos 4,6; Hab 2,14. Og videre: Vi som ikke kjente Gud, har gjennom Kristus møtt ham, jf. Joh 1,18. Vi som ikke visste hva vi skulle tro, har nå fått troen på Jesus Kristus. Vi som ikke hadde en fremtid, har nå vunnet en evighet.»*

### **Preikedisposisjon**

1. Jesu himmelfart
2. Jesu øvsteprestelege bøn
3. «Dette er det evige livet ...»

### **Inspirasjonskjelder**

- Benedikt XVI / Joseph Ratzinger: Jesus frå Nasaret. Bind 2. Fra inntoget i Jerusalem til oppstandelsen
- Sjur Isaksen: Ordet gjennom året. Evangeliebetraktninger over tredje tekstrekke.
- Olav Skjevesland: Det levende vannet. Søndagens evangelietekster 3. rekke. Advent-pinse.

**Mari og Paul Erik Wirgenes: Fra søndag til søndag. 3. rekke.**

**Arne Berge**

Sokneprest Hinna, Stavanger

[berge.arne@gmail.com](mailto:berge.arne@gmail.com)